

Notat 2005–15

Økosau

– liv laga p Vestlandet?

Ane Margrethe Lyng

| | |
|---------------------|---|
| Tittel | Økosau – liv laga på Vestlandet? |
| Forfatter | Ane Margrethe Lyng |
| Prosjekt | Økologisk sauehald (D519) |
| Utgiver | Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) |
| Utgiversted | Oslo |
| Utgivelsesår | 2005 |
| Antall sider | 21 |
| ISBN | 82-7077-626-2 |
| ISSN | 0805-9691 |
| Emneord | areal, avling, produksjonsomfang, økonomi, motivasjon |

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Som ein del av pilotprosjektet «Økologisk sauehald på Vestlandet», fekk Norsk institutt for Landbruksøkonomisk forskning (NILF) i oppdrag av Fylkesmannens Landbruksavdeling (FMLA) i Hordaland å sjå på utviklinga i økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet. Prosjektet har gått over fire rekneskapsår, frå og med 2001 til og med 2004.

Målet med prosjektet har vore å analysere driftsøkonomien på 20 økologiske sauebruk, og å samanlikne tala med tilsvarende konvensjonelt drivne sauebruk. Dette notatet viser resultatata.

Økoringane i Hordaland og Sogn og Fjordane har rekruttert bruka. Ved NILF sitt distriktkontor i Bergen har Siv Karin Paulsen Rye, Rolf Rye, Jon Sværen og Ane Margrethe Lyng hatt kontakt med brukarane og omarbeidd skatterekneskapen til driftsrekneskap. Sistnemnde har også skrive notatet. Heidi Knutsen har lest notatet og kome med nyttige innspel. Kjell Staven har laga grupper og gjort dataene tilgjengelege. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking

Ein stor takk til velvillige økobønder som har gjeve oss gode opplysningar og tilgang til rekneskapstala.

Bergen, desember 2005

Ivar Pettersen

Innhald

| | | |
|-------|---|----|
| 1 | INNLEIING | 1 |
| 1.1 | Bakgrunn | 1 |
| 1.2 | Inndeling av materialet, definisjonar og føresetnader | 1 |
| 2 | PRODUKSJON | 3 |
| 2.1 | Areal- og avlingsutvikling..... | 3 |
| 2.2 | Kjøtproduksjon..... | 7 |
| 2.3 | Arbeidsforbruk | 8 |
| 2.3.1 | Faktorar som verkar inn på arbeidsforbruket..... | 8 |
| 3 | ØKONOMISKE RESULTATMÅL | 11 |
| 3.1 | Produksjonsinntekter..... | 11 |
| 3.1.1 | Prisar på lammekjøt | 11 |
| 3.1.2 | Prisar på sauekjøt og ull | 12 |
| 3.2 | Tilskot..... | 13 |
| 3.3 | Kostnader | 14 |
| 3.4 | Jordbruksinntekt og driftsoverskot..... | 15 |
| 3.5 | Dekningsbidrag | 16 |
| 3.6 | Variasjon | 17 |
| | SYNSPUNKT FRÅ BRUKARANE | 19 |
| | KONKLUSJON..... | 21 |

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Som ein del av pilotprosjektet «Økologisk sauehald på Vestlandet», fikk NILF i oppdrag av FMLA i Hordaland å sjå på utviklinga i økonomien i økologisk sauehald. Prosjektet har gått over fire rekneskapsår, frå og med 2001 til og med 2004. Utgangspunktet for undersøkinga var eit utval på 20 økologiske sauebruk, der åtte av bruka er frå Hordaland, to frå Rogaland og ti frå Sogn og Fjordane. Bruka vart valde ut på bakgrunn av representativitet, tal dyr og interesse for prosjektet. Det var økoringane i Hordaland og Sogn og Fjordane som valde ut og rekrutterte bruka.

Hovudmålet med dette notatet er å vise resultat og utvikling i produksjon, yting og økonomi i økologisk sauehald på Vestlandet over ein periode på fire år, og å samanlikne resultatata med konvensjonelt drivne sauebruk. Vi vil og sjå på areal, avling og andre faktorar som påverkar drifta, slik som motivasjon til brukarens for å drive økologisk og framtidsutsikter for drifta.

Bøndene på vertsbruka har lånt ut skatterekneskapen og gjeve oss opplysningar om avling og endringar i areal, for alle fire åra. Dei har notert arbeidsforbruket i jordbruket frå og med 2003, medan arbeidsforbruket for 2002 har dei estimert.

1.2 Inndeling av materialet, definisjonar og føresetnader

I notatet vil omgrepet *vinterfôra sauer* (vfs.) bli nytta i dei fleste figurar og i tabellane. Vfs. er tal sauer brukaren har per 1. januar, som også er teljedatoen som vert nytta av Statens Landbruksforvaltning (SLF) når dei skal rekne ut dyretilskot. *Brukaren* er den som administrerer driftseininga, og treng ikkje vere juridisk eigar av bruket.

Det er 18 økologiske sauebruk med i denne granskinga. Dei økologiske sauebruka vil som gruppe verte omtala som økobruka, og den konvensjonelle samanlikningsgruppa, som dei konvensjonelle bruka. Økobruka har om lag 81 vfs. i middel gjennom perioden. Tilsvarande tal for den konvensjonelle gruppa er 91.

Storleiken på dei økologiske bruka varierer frå 30 til over 200 vfs. Det gjer det vanskeleg å rekne gjennomsnitt for heile gruppa. Dei aller fleste av dei små sauebruka hentar hovudinntekta si frå anna næring enn jordbruk, og/eller som løsinntekt. Dei store bruka hentar ein større del, eller all inntekta frå drifta. Vi har difor, særleg under den økonomiske analysen, valt å dele gruppa i to, med like mange bruk i kvar gruppe. Den minste gruppa har eit snitt på 49 vfs. og den store eit snitt på 114 vfs. i perioden. Gruppene vil verte omtala høvesvis som økosau gruppe 1 og økosau gruppe 2.

Samanlikningsgruppa, dei konvensjonelle bruka, er delt inn etter dei same kriteria som økobruka. Desse gruppene er omtalte som sau gruppe 1 og sau gruppe 2, og tal vfs. er høvesvis 67 og 117 i dei to samanlikningsgruppene. I notatet vil vi både sjå på utvikling over fireårsperioden samstundes som vi samanliknar dei ulike gruppene i enkeltår.

Det er viktig å merke seg at gruppene er små og at bruka er ulike. Det er difor ikkje mogleg å gjennomføre statistiske analyser på dette materiale. For å analysere utviklinga og skilnaden mellom gruppene har vi difor nytta gjennomsnittstal. Sjølv om det ikkje er mogleg å finne signifikante skilnader mellom gruppene, gir gjennomsnittstala ein god pekepinn på den økonomiske situasjonen for sauenæringa på Vestlandet.

Denne undersøkinga vil i all hovudsak dreie seg om produksjon og økonomiske resultat ved økologisk sauehald. Vi har ikkje lagt vekt på andre, ikkje målbare faktorar knytte til drifta, som til dømes landskapspleie. Tilleggsnæring og anna næring vert heller ikkje vektlagt.

2 Produksjon

Tabell 2.1 gir ei oversikt over tal dyr, areal og årsverk på bruka. Av tabellen kan vi sjå at gjennomsnittet for økobruka viser små endringar frå 2001 til 2004. Vi veit at nokre bruk har auka tal dyr gjennom perioden, medan andre har redusert tal dyr. Men i snitt for perioden og gruppene er tal dyr stabilt. Arealet er som venta høgare for dei økologiske bruka enn for dei konvensjonelle. Meir overraskande er det at økobruka har eit lågare arbeidsforbruk enn samanlikningsgruppa. Dette kjem vi tilbake til under kap. 2.3 om arbeidsforbruk.

Tabell 2.1 Gjennomsnittstal for vfs., areal og årsverk i drifta

| Utvikling fra 2001–2004 | Vfs. | | Areal | | Årsverk | |
|---------------------------|------|------|-------|------|---------|------|
| | 2001 | 2004 | 2001 | 2004 | 2002* | 2004 |
| Alle økobruka | 83 | 83 | 134 | 159 | 0,8 | 0,8 |
| Alle konvensjonelle bruka | 86 | 103 | 107 | 132 | 1,0 | 1,1 |
| Økosau gruppe 1 | 50 | 53 | 102 | 103 | 0,6 | 0,6 |
| Økosau gruppe 2 | 117 | 117 | 171 | 222 | 1,0 | 1,1 |

*Det vart ikkje ført registreringar for arbeidsforbruk i 2001

2.1 Areal- og avlingsutvikling


I ei økologisk driftsform er det ønskjeleg å vere mest mogleg sjølvforsynt med fôr. Minst 60 prosent av fôret på årsbasis rekna i energiinnhald, skal være grovfôr¹. Det er difor viktig at økobruka har stor nok tilgang på grovfôr, og at grovfôret held høg kvalitet. I våre utrekningar nyttar vi faste satsar på grovfôr og beite når vi reknar FEM, då vi ikkje har fôranalysar for dei einskilde bruka. Høy har faktor 0,65 FEM per kg, surfôr og

¹ kjelde: Sau og Geit 5/03

fersk gras har faktor 0,18. På vårbeite reknar ein fôropptak på 2,2 FEm per vaksen sau² per dag. Ein reknar at sau og lam har eit fôropptak på 0,8 FEm per dag på sommar- og haustbeite³.

Som venta har økobruka større areal enn dei konvensjonelle bruka (figur 2.1). Dei har òg auka arealet i perioden, både totalt og per vfs. (figur 2.2) Vi ser at medan dei konvensjonelle sauene har eit areal på mellom 1 og 1½ daa per vfs. gjennom perioden, har økosauen auka arealet frå 1½ daa ved periodestart, til nærare 2 daa i 2004. Økobruka treng større areal enn dei konvensjonelle grunna lågare avling. Vi trur at årsaka til auken i areal hjå økobruka skyldast nedgang i avling gjennom perioden. Økobruka nyttar lite eller ingen kunstgjødsel i grovfôrproduksjonen og det gjer utslag på avlingane (figur 2.3). Det er tillate å gjødsle med opp til åtte kg nitrogen per daa/år med gjødsel som ikkje er økologisk, men det er svært få av dei økologiske bøndene som nyttar innkjøpt gjødsel. Dei fleste har ikkje gjødselkostnader, men dei som har kjøpt gjødsel, har høge kostnader knytt til kjøp av økologisk gjødsel, som Debio Bigbag og økologisk hønsegjødsel.


Fordi økobøndene har større areal, er ikkje den lågare avlinga noko stort problem. Dei kan drive ekstensivt, og dei nyttar alt areal dei har til rådvelde. Dyra har ofte tilgang på gode sommarbeiter og det meste av fôropptaket for lamma føregår her. Kraftfôr vert det nytta lite av, og berre i periodar. På nokre av dei store bruka blir dyra skanna på våren, og dei som har fleire lam får kraftigare fôring. Tilveksten i starten er viktig, og økobrukarane sparar ikkje på vårbeite.




Figur 2.1 Areal i gjennomsnitt for bruka i utvalet

² Fôropptak lam er inkludert

³ For meir nøyaktige utrekningar må fôrinnhald i FEm og fôropptak fastsetjast for kvart bruk.




Figur 2.2 Tal daa per vfs. i gjennomsnitt for alle bruka i utvalet




Figur 2.3 Avling per dekar i gjennomsnitt for alle bruka

Ser vi på kor mykje heimeprodusert grovfôr kvar sau har fått i perioden, viser økosauen ein høgare bruk av heimeavla fôr i 2002, men lågare i 2003 og 2004 (figur 2.4) og det vert kompensert med auka grov- og kraftfôrkjøp. Bruk av innkjøpt fôr har auka gjennom perioden. Kraftfôrkostnaden har auka med heile 64 prosent per vfs. i fireårsperioden (figur 2.5). Det skuldast mellom anna at det var lite økologisk kraftfôr å få tak i 2001, og økobøndene fekk ei generell opning for å bruke opp til 25 prosent ikkje-økologisk fôr til dyra. Seinare år vart økofôr lettare tilgjengeleg, og det har gjeve utslag på fôrkostnadene. Økofôr er dyrare enn ikkje-økologisk fôr⁴.

⁴ Økologisk kraftfôr kostet fra 3,80 til 4,50 per FEM i 2004. Formel sau, kraftfôr til konvensjonell sau, kostet på samme tid kr 3,63 per FEM.




Figur 2.4 Sum grovfôr per vfs. for alle bruka



Figur 2.5 Sum kraftfôr i kr per vfs., for alle bruka

Samanliknar vi dei to økogrubbene er det liten skilnad i avling og areal per vfs. Mengde innkjøpt kraftfôr varierer mykje mellom dei einiskilde bruka. Nøkre brukar mykje kraftfôr, andre brukar ikkje kraftfôr. Dei som har låge kostnader til kraftfôr har ofte høgare kostnader til anna fôr, mellom anna grovfôr. Figur 2.6 viser dei samla fôrkostnadene for dei to økogrubbene. Vi ser at fôrkostnaden er nesten dubla for gruppe 2 frå 2001 til 2004. Årsaka er som nemnt meir bruk av innkjøpt økologisk kraftfôr og grovfôr, som har ein høgare kostnad.



Figur 2.6 Sum innkjøpt fôr i kr per vfs. for økosau, gruppe 1 og 2

2.2 Kjøttproduksjon

Kjøttproduksjon kan vi mellom anna måle ved å sjå på kg kjøtt per vfs. Av tabell 2.2 ser vi at dei økologiske brukar har auka mengda omsett kjøtt i perioden. Det er økosau gruppe 2 som har hatt størst auke, med 15 prosent på lam og 11 prosent på sau. Ein årsak er at dei har tyngre og fleire lam per vfs. Gruppe 2 har auka lammevekta med over fire prosent frå 2001, medan gruppe 1 har redusert vekta tilsvarande.

Tabell 2.2 Utvikling i slaktevekt og omsetnad i kg på lam og sau

| Utvikling i vekt og omsetnad | Slaktevekt lam | | | kg lam omsett per vfs. | | | kg sau omsett per vfs. | | |
|------------------------------|----------------|------|---------|------------------------|------|---------|------------------------|------|---------|
| | 2001 | 2004 | Endring | 2001 | 2004 | Endring | 2001 | 2004 | Endring |
| Alle økobruka | 17,1 | 17,1 | 0,0 % | 16,5 | 18,9 | 12,8 % | 5,3 | 5,6 | 5,0% |
| Økogruppe 1 | 16,3 | 15,7 | -4,1% | 14,3 | 15,6 | 8,3 % | 6,9 | 6,3 | -8,7% |
| Økogruppe 2 | 17,8 | 18,6 | 4,3 % | 17,4 | 20,5 | 15,3 % | 4,6 | 5,2 | 10,7 % |

Tabell 2.3 viser sum omsett kg sau og lam per vfs. for dei ulike gruppene. Totalt sett har økobruka størst framgang i perioden, men med variasjon mellom gruppene.

Tabell 2.3 Utvikling i omsetnad på lam- og sauekjøt, i kg

| Utvikling i omsetnad per vfs. | Kg lam og sau omsett | | Endring i perioden | Gangslam 2004 |
|-------------------------------|----------------------|------|--------------------|---------------|
| | 2001 | 2004 | | |
| Alle økobruka | 21,8 | 24,4 | 10,61 % | 1,2 |
| Alle konvensjonelle bruka | 22,1 | 23,2 | 4,79 % | 1,2 |
| Økosau gruppe 1 | 21,2 | 21,8 | 2,97 % | 1,1 |
| Sau gruppe 1 | 21,9 | 24,8 | 11,79 % | 1,2 |
| Økosau gruppe 2 | 22,0 | 25,7 | 14,37 % | 1,3 |
| Sau gruppe 2 | 22,1 | 22,3 | 1,14 % | 1,1 |

2.3 Arbeidsforbruk

Det blir hevda at økologisk drift er meir arbeidskrevjande enn konvensjonell drift, og vi ville difor venta at arbeidsforbruket for økobøndene skulle vere høgare enn for dei konvensjonelle bøndene. Overraskande nok er det ikkje tilfelle for bruka i utvalet (tabell 2.4). For 2004 ser vi at øko-gruppene og dei tilhøyrande samanlikningsgruppene har om lag like mange timar per vfs., men økobruka ligg altså noko under. I 2002 var skilnaden større. Noko av forklaringa kan vere at økobøndene dette året estimerte arbeidsforbruket. Først frå år 2003 noterte økobruka timar på linje med samanlikningsgruppa.

Tabell 2.4 Timebruk i drifta for alle gruppene

| Utvikling fra 2002–2004 | Sum timar på bruket | | Sum timar per vfs. | | Endring i perioden |
|---------------------------|---------------------|-------|--------------------|------|--------------------|
| | 2002 | 2004 | 2002 | 2004 | |
| Grupper | | | | | |
| Alle økobruka | 1 492 | 1 558 | 19,4 | 18,8 | -3,23 % |
| Alle konvensjonelle bruka | 1 848 | 2 015 | 22,0 | 19,6 | -12,46 % |
| Økosau gruppe 1 | 1 099 | 1 115 | 28,2 | 21,0 | -33,95 % |
| Sau gruppe 1 | 1 300 | 1 685 | 21,7 | 22,5 | 3,56 % |
| Økosau gruppe 2 | 1 806 | 2 057 | 16,9 | 17,6 | 4,00 % |
| Sau gruppe 2 | 2 366 | 2 393 | 21,9 | 17,9 | -22,67 % |

2.3.1 Faktorar som verkar inn på arbeidsforbruket

Lett- og tungdrivne bruk

Det er store variasjonar mellom enkeltbruk, og det gjev utslag på gjennomsnittstala. Nokre bruk er svært tungdrivne og det gir høg arbeidsforbruk. Dette gjeld både dei økologiske og dei konvensjonelle bruka.

Investeringar

Vi har sett på investeringar i perioden og om det har vore investert i arbeidssparande teknologi på økobruka. Særleg dei små bruka, dei med få vfs., har ofte full jobb ved sida av drifta, og vel å investere i arbeidssparande tiltak for å effektivisere drifta. Hypotesa vert da at store investeringar kan gje redusert arbeidsforbruk. Det viser seg at den hypotesen ikkje held, då dei konvensjonelle bruka i snitt har hatt høgare investeringar enn dei

økologiske. Kanskje er dei økologiske meir forsiktige med investeringar og at dei har vilje til meir manuelt arbeid, samstundes som dei er effektive?

Inntekt utanom bruket

Ei alternativ hypotese var at høg inntekt utanom bruket, og/eller tilleggsnæringar skulle gje færre timar til disposisjon til drifta (tabell 2.5). Materiale støttar heller ikkje denne hypotesa. Samanlikningsgruppene har i sum om lag like høg inntekt utanom bruket som økosaugruppene.

Tabell 2.5 Arbeidsinntekt i kr utanom drifta

| Inntekt utanom drifta | Overskot tilleggsnæring | | Overskot anna næring | | Løsinntekt | |
|---------------------------|-------------------------|--------|----------------------|--------|------------|---------|
| | 2002 | 2004 | 2002 | 2004 | 2002 | 2004 |
| | Alle økobruka | 22 000 | 34 000 | 1 000 | 22 000 | 290 000 |
| Alle konvensjonelle bruka | 8 000 | 14 000 | 4 000 | 31 000 | 361 000 | 345 000 |
| Økosau gruppe 1 | 34 000 | 46 000 | -443 | 37 000 | 331 000 | 395 000 |
| Sau gruppe 1 | 12 000 | 23 000 | 7 000 | -2 000 | 395 000 | 460 000 |
| Økosau gruppe 2 | 11 000 | 21 000 | 3 000 | 5 000 | 257 000 | 270 000 |
| Sau gruppe 2 | 4 000 | 3 000 | 0 | 69 000 | 327 000 | 214 000 |

Intervju om arbeidsforbruk

Det kvantitative datamaterialet forklarar altså ikkje skilnader i arbeidsforbruk, og vi intervjuar nokre av økobøndene. Heller ikkje gjennom samtale med økobøndene fann vi årsaka til lågt arbeidsforbruk. Det vart ikkje gjennomført tilsvarande intervju med dei konvensjonelle bøndene i samanliningsgruppa, og vi har difor ikkje grunnlag for å trekke noen konklusjon.

Ein teori kan være at økobønder er meir innovative. Dei veit at økologisk drift i teorien er meir arbeidskrevjande, men dei vel økologisk drift trass dette.

3 Økonomiske resultatmal


3.1 Produksjonsinntekter

3.1.1 Prisar⁵ på lammekjøt

Figur 3.1 og tabell 3.1 gir ein oversikt over prisar på lammekjøt for heile perioden. Det er inga overrasking at det er økobruka som oppnår høgaste kilopris. Økologisk kjøt har ein meirpris på 50 øre per kg. Men vi ser at økobruka i dette utvalet får opp til to kr meir per kg enn samanlikningsgruppa. Mykje av forklaringa ligg i avtaletillegget som økobøndene har fått betre utteljing på. Avtaletillegget var på kr 3 per kg i byrjinga av perioden men vart så redusert til 80 øre per kg.

Den kraftige nedgangen for begge gruppene frå 2003 til 2004, har fleire årsaker. På grunn av marknadssituasjonen for kjøt (overproduksjon) vart prisen 70 øre under målprisen for 2004. Overproduksjonen gjorde òg at omsetnadsavgiftene auka frå kr 1,04 til kr 2,28, og bøndene måtte betale ein avgift til Mattilsynet på 50 øre per kg. I 2004 vart det også innført ein kvalitetsgrense på 23 kg for lammeslakt. Slakt over 23 kg vart straffa med eit trekk på kr 4,02 per kg.

⁵ Prisene er ekskl. grunn- og distrikts tilskot



Figur 3.1 Prisar lammekjøt for heile perioden


Tabell 3.1 Utvikling i pris på lammekjøt for alle gruppene

| Utvikling i pris fra 2002–2004 | Pris lammekjøt per kg | | | |
|-----------------------------------|-----------------------|-------|-------|-------|
| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 |
| Alle økobruka | 33,44 | 35,24 | 35,41 | 33,37 |
| Alle konvensjonelle bruk | 33,38 | 33,32 | 33,41 | 32,09 |
| Økosau gruppe 1 | 31,39 | 32,43 | 32,55 | 30,60 |
| Sau gruppe 1 | 33,36 | 33,32 | 33,55 | 32,18 |
| Økosau gruppe 2 | 35,48 | 35,78 | 36,47 | 34,37 |
| Sau gruppe 2 | 33,39 | 33,32 | 33,16 | 31,95 |

3.1.2 Prisar på sauekjøt og ull

Prisen på sauekjøt gjekk kraftig ned frå 2001 til 2002 (figur 3.2). I samband med BSE – smitten i 2001 kom det eit nytt regelverk som omfatta bruk av nervevev på gamle dyr. Det vart bestemt at ryggraden på drøvtyggarar over eit år skulle fjernast frå dyra som eit ledd i kravet om fjerning og destruksjon av spesifisert risikomateriale (SRM). Samstundes vart det bestemt at prisen på sauekjøt skulle reflektere etterspurnaden. Til saman gav dette ein kraftig reduksjon i prisen på sauekjøt.

Økobruka ligg og over dei konvensjonelle i pris på sauekjøt, dei siste tre åra. Det har mykje same forklaring som for prisen på lammekjøt (sjå 3.1.1), i tillegg har nokre av økobruka selt mykje returslakt til private til ein høgare pris, særleg i 2003.



Figur 3.2 Prisar sauekjøt for heile perioden

Samanliknar vi gruppene er det små skilnader mellom de to økosaugruppene, med unntak av 2003 (tabell 3.2). Samanliknar vi med dei konvensjonelle ser vi at i 2001 og 2002 vart prisen om lag lik for alle gruppene, men frå 2003 oppnådde økobruka ein mykje høgare pris enn bruka i den konvensjonelle samanlikningsgruppa.

Det er små skilnader i pris på ull per kg, og her ligg den konvensjonelle gruppa noko over økogruppa. Den høgaste ullprisen er det økosau gruppe 2 som har oppnådd.


Tabell 3.2 Utvikling i pris på sauekjøt og ull, for alle gruppene

| Utvikling i pris fra 2002–2004 | Pris sauekjøt per kg | | | | Pris ull per kg | |
|-----------------------------------|----------------------|-------|-------|-------|-----------------|-------|
| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2001 | 2004 |
| Alle økobruka | 18,53 | 14,55 | 19,68 | 15,17 | 30,45 | 31,27 |
| Alle konvensjonelle bruka | 18,81 | 14,10 | 14,75 | 12,92 | 29,41 | 31,62 |
| Økosau gruppe 1 | 18,80 | 13,77 | 14,20 | 15,39 | 30,35 | 27,74 |
| Sau gruppe 1 | 18,60 | 13,13 | 13,20 | 13,76 | 28,55 | 31,73 |
| Økosau gruppe 2 | 18,26 | 14,76 | 22,24 | 15,01 | 30,54 | 32,50 |
| Sau gruppe 2 | 19,04 | 15,11 | 17,05 | 11,94 | 30,27 | 31,48 |

3.2 Tilskot

Tilskotsordninga for økologisk drift er slik at ein får eitt tilskot for alt økologisk areal og eit eige tilskot for dei økologiske dyra. Det har vore små endringar i tilskot til økologisk saueproduksjon i perioden, og i 2004 vart det utbetalt eit økotilskot på kr 130 per sau over eitt år. Det økologiske arealtilskotet var på kr 55 per daa.

Alle bruka har i snitt fått meir i tilskot per vfs. frå 2001 til 2004, og det er økobruka som hentar mest i tilskot (figur 3.3). Dei hentar også tilskot gjennom dei meir spesielle ordningane som STILK, SMIL og Regionalt Miljøprogram. Dei får òg meir i AK-tilskot fordi dei har meir areal per vfs.



Figur 3.3 Sum tilskot per vfs. for alle bruka frå 2001 til 2004

Totalt har det vore ein auke i tilskot for alle gruppene (tabell 3.3). Noko kan forklarast ved auke i areal, som gjev auka arealtilskot. Nokre tilskotsordningar, som til dømes Stilmidlar, kan utløyse høge tilskot. Sidan gruppene er små, har store tilskotsutbetalingar gjeve utslag på gjennomsnittstala. Høge tilskot for økosau gruppe 1 i 2001 skuldast økologisk omleggingstilskot, då nokre av bruka i denne gruppa var under omlegging.

Tabell 3.3 Sum tilskot per vfs. for alle gruppene, fra 2001 til 2004

| Utvikling i tilskot, per vfs. Grupper | Sum tilskot | | Endring i perioden |
|--|-------------|-------|--------------------|
| | 2001 | 2004 | |
| Alle økobruka | 1 732 | 2 143 | 19 % |
| Alle konvensjonelle bruka | 1 428 | 1 663 | 14 % |
| Økosau gruppe 1 | 2 070 | 2 216 | 7 % |
| Sau gruppe 1 | 1 472 | 1 937 | 24 % |
| Økosau gruppe 2 | 1 641 | 2 101 | 22 % |
| Sau gruppe 2 | 1 401 | 1 500 | 7 % |

3.3 Kostnader

Sum kostnader⁶ har auka i perioden (tabell 3.4). Økobruka har hatt den største kostnadsauken i perioden, og er i 2004 så vidt under dei konvensjonelle i snitt.

⁶ Driftskostnadene er samansett av faste og variable kostnader. Variable kostnader er definert som kostnader som varierer med omfanget av produksjonen. Eksempel er kraftfôr, gjødsel, kjøp av dyr, div til husdyrhald, andre forbruksvarer etc. Faste kostnader er definert som kostnader som ikkje endrar seg nemneverdig med omfanget av produksjonen.

Tabell 3.4 Sum kostnader for alle gruppene, fra 2001 til 2004

| Kostnader i snitt for gruppene | Sum kostnader inklusiv avsk. | | Endring | Sum variable kostnader | | Endring |
|--------------------------------|------------------------------|---------|---------|------------------------|--------|---------|
| | 2001 | 2004 | | 2001 | 2004 | |
| | Alle økobruka | 134 350 | | 194 710 | 31 % | |
| Alle konvensjonelle bruk | 166 183 | 207 180 | 20 % | 49 332 | 53 435 | 10 % |
| Økosau gruppe 1 | 92 662 | 141 165 | 34 % | 19 486 | 23 517 | 17 % |
| Sau gruppe 1 | 131 426 | 191 146 | 31 % | 32 675 | 40 447 | 19 % |
| Økosau gruppe 2 | 176 602 | 254 948 | 31 % | 46 199 | 63 132 | 27 % |
| Sau gruppe 2 | 204 802 | 225 506 | 9 % | 65 728 | 68 279 | 4 % |

Fordeler vi sum kostnader per vfs., viser økobruka større auke i kostnader enn dei konvensjonelle utover i perioden (tabell 3.5). Økobruka har lågare variable kostnader, medan dei faste kostnadene er høgare. Auken i variable kostnader skuldast i all hovudsak auka kraftfôr kostnader. For dei faste kostnadene er bilete meir samansatt, men det er kostnader til vedlikehald som har størst auke.

Tabell 3.5 Kostnader per vfs. for alle gruppene, fra 2001 til 2004

| Kostnader per vfs. | Alle kostnader inklusiv avskr. | | Variable kost. | | Faste kostnader eksklusiv avskr. | |
|--------------------------|--------------------------------|-------|----------------|------|----------------------------------|-------|
| | 2001 | 2004 | 2001 | 2004 | 2001 | 2004 |
| | Alle økobruka | 1 612 | 2 346 | 384 | 508 | 1 044 |
| Alle konvensjonelle bruk | 1 932 | 2 011 | 561 | 519 | 1 066 | 1 120 |
| Økosau gruppe 1 | 1 872 | 2 663 | 394 | 444 | 1 096 | 1 656 |
| Sau gruppe 1 | 2 086 | 2 549 | 523 | 539 | 1 149 | 1 476 |
| Økosau gruppe 2 | 1 508 | 2 179 | 394 | 540 | 1 062 | 1 228 |
| Sau gruppe 2 | 1 829 | 1 683 | 585 | 510 | 917 | 901 |

3.4 Jordbruksinntekt og driftsoverskot

Jordbruksinntekta er her definert som løn til alt arbeid i jordbruket og rente på eigenkapitalen, per årsverk. Driftsoverskot er sum produksjonsinntekter minus sum kostnader inkl. avskrivningar.

Det er økobruka som har den høgaste jordbruksinntekta i snitt (tabell 3.6). Jordbruksinntekta for økosau gruppe 1 var låg i 2002, då inntektene frå husdyrhaldet og tilskota dette året var låge.

Tabell 3.6 Resultatmal for alle gruppene, fra 2002 til 2004

| Resultatmal i snitt for gruppene | Jordbruksinntekt | | | Driftsoverskot | |
|-------------------------------------|------------------|---------|---------|----------------|---------|
| | 2002 | 2003 | 2004 | 2002 | 2004 |
| Alle økobruka | 101 000 | 90 000 | 100 000 | 61 000 | 59 000 |
| Alle konvensjonelle bruk | 42 000 | 51 000 | 65 000 | 28 000 | 45 000 |
| Økosau gruppe 1 | -37 000 | 33 000 | 33 000 | -28 000 | 10 000 |
| Sau gruppe 1 | 36 000 | 31 000 | 41 000 | 16 000 | 10 000 |
| Økosau gruppe 2 | 168 000 | 124 000 | 141 000 | 133 000 | 114 000 |
| Sau gruppe 2 | 46 000 | 64 000 | 85 000 | 39 000 | 84 000 |

Ser vi på jordbruksinntekta per vfs. vert avstanden til dei konvensjonelle bruka ytterligere markert (tabell 3.7). Det er fordi økogruppene har færre sauer i snitt enn samanlikningsgruppene. Vi kan konkludere med at det er økosaubruka som i snitt har den høgaste jordbruksinntekta for alle tre åra. Årsaka til det er at økobruka i snitt har høgare pris på sau- og lammekjøt, omset meir kjøt per vfs., høgare tilskot og at dei har lågare arbeidsforbruk, samanlikna med dei konvensjonelle bruka.

Tabell 3.7 Jordbruksinntekt per vfs. for gruppene

| Resultatmal fra 2002–2004 | Jordbruksinntekt | | | Forskjell i forhold til samanlikningsgr. , 2004 |
|------------------------------|------------------|-------|-------|--|
| | 2002 | 2003 | 2004 | |
| Alle økobruka | 1 217 | 1 098 | 1 205 | 48 % |
| Alle konvensjonelle bruk | 488 | 560 | 631 | |
| Økosau gruppe 1 | -740 | 660 | 623 | 12 % |
| Sau gruppe 1 | 571 | 443 | 547 | |
| Økosau gruppe 2 | 1 436 | 1 088 | 1 205 | 47 % |
| Sau gruppe 2 | 411 | 557 | 634 | |

3.5 Dekningsbidrag

Tabell 3.8 viser gjennomsnittleg dekningsbidrag for økosau, gruppe 1 og 2 for året 2004.

Dekningsbidraget inklusiv tilskot⁷ er i gjennomsnitt på kr 1 894 og kr 2 064 per vfs. for høvesvis økosau gruppe 1 og økosau gruppe 2. Det er liten skilnad i dekningsbidraget mellom dei to gruppene i 2004.

⁷ Tilskot her er summen av areal- og kulturlandskapstilskot grovfôr, produksjonstilskot husdyr, avløysartilskot og distrikts- og grunntilskot

Tabell 3.8 Gjennomsnittleg dekningsbidrag per vfs. for økosau gruppe 1, 2004

| Produksjonsinntekter | | | |
|--|---------------|----------------|------------------|
| Produkt | Mengde | Pris kr | Inntekter |
| Lam | 15,6 | 32,2 | 501 |
| Sau | 6,3 | 15,4 | 98 |
| Ull | 3,6 | 27,7 | 101 |
| Tilskot | | | 1 638 |
| Sum | | | 2 338 |
| Variable kostnader | | | |
| For | | | 245 |
| Diverse til husdyrhald | | | 65 |
| Anna variable kostnader | | | 134 |
| Sum | | | 444 |
| Dekningsbidrag per vfs. med tilskot | | | 1 894 |

Dekningsbidrag per vfs. utan tilskot kr 256.

Tabell 3.9 Gjennomsnittleg dekningsbidrag per vfs. for økosau gruppe 2, 2004

| Produksjonsinntekter | | | |
|--|---------------|----------------|------------------|
| Produkt | Mengde | Pris kr | Inntekter |
| Lam | 20,5 | 34,4 | 705 |
| Sau | 5,2 | 15,0 | 78 |
| Ull | 5,3 | 32,5 | 172 |
| Tilskot | | | 1 648 |
| Sum | | | 2 603 |
| Variable kostnader | | | |
| For | | | 250 |
| Diverse til husdyrhald | | | 75 |
| Anna variable kostnader | | | 215 |
| Sum | | | 540 |
| Dekningsbidrag per vfs. med tilskot | | | 2 064 |

Dekningsbidrag per vfs. utan tilskot kr 414.

3.6 Variasjon

Det er stor variasjon mellom bruka i utvalet. Nokre har sau som hovudinntektskjelde, og andre har det som attåtnering. Det blir difor store utslag på resultatata, avhengig av kor mange sauer dei har og kor mykje dei omset for.

For dei små bruka er alternativverdien av arbeidskrafta høg, i og med at dei fleste brukarane i denne gruppa har full jobb ved sida av drifta. Dei omset mindre kjøt, og vekt og kvalitet på slaktet vert difor mindre viktig. Denne gruppa har liten økonomisk vinst av å bruke meir tid på drifta, og dei har også høgare kostnader per vfs. Dei har vilje og evne til å investere i arbeidssparande tiltak, som ikkje nødvendigvis står i forhold til omsetjinga på bruket. Vi finn det difor ikkje tenleg å samanlikne dei beste med

dei svakaste, fordi utgangspunktet er så ulikt. I staden har vi valt å sjå på dei som gjer det best. Vi vil sjå på kva dei er gode på, og kvifor. Vi har plukka dei tre økobruka med best resultat målt i jordbruksinntekt i 2004.

Bruka har i 2004 98 vfs., 1,73 gagnslam per vfs. og 223 daa i snitt. Familien har samla om lag 1 800 timar i jordbruket og 1800 timar på tilleggs-/anna næring og lønsinntekt. Tabell 3.10 viser gjennomsnittresultata for desse tre bruka.

Bruka driver stort med sau og er gode på det dei gjer, og har mykje igjen for innsatsen økonomisk samanlikna med dei andre.

Tabell 3.10 Gjennomsnittresultat for dei tre beste økosaubruka i utvalet, 2004

| Produksjonsmal | Ar 2004 | |
|-------------------------------|-----------|---------------|
| | Dei beste | Alle økobruka |
| Driftsoverskot per vfs., kr | 1 274 | 711 |
| Jordbruksinntekt per vfs., kr | 2 079 | 1 205 |
| Timar i jordbruket i snitt | 1 833 | 1 558 |
| Timar i jordbruket per vfs. | 18,70 | 18,77 |
| Slaktevekt lam, kg | 19,87 | 17,06 |
| Omsett lammekjøtt kg | 28,99 | 18,88 |
| Kg kjøtt per vfs. kg | 37,40 | 24,45 |
| Kilopris lammekjøtt, kr | 34,37 | 33,37 |

Synspunkt fra brukarane

Mange ønskjer svar på kva som motiverer bønder til å drive økologisk sauehald, særleg med tanke på kor vanskeleg det er å få det økologiske sauekjøtet fram til forbrukaren. Dei siste åra er det gjort fleire undersøkingar for å finne ut kva som er bøndenes motivasjon for val av driftsform (mellom anna Bjørkhaug og Storstad, 2001)⁸. I ramma for dette prosjektet har det ikkje vore mogleg å gjennomføre ei omfattande spørjeundersøking blant økobønder. For å få fram synspunkt på drifta, rammevilkår for økologisk drift, motivasjon og flaskehalsar, har vi gjennomført halvstrukturerte intervju med tolv av dei økologiske bøndene som har delteke i prosjektet. Desse intervjuva vart gjennomførte på telefon hausten og vinteren 2005.

Gjennom samtalene kom det fram at ein del av bruka som har vore med i dette prosjektet har avvikla drifta, eller kjem til å avvikle drifta i nær framtid. I oppsummeringa av samtalene, har vi derfor delt svara inn i to: Dei som avviklar og dei som held fram med økologisk drift.

Dei som avviklar drifta - Kvifor gjer dei det?

- **Økonomi**
Tilgang på betre betalt arbeid kan gjere det lettare å gje opp sauehaldet. Dei opplever sauehaldet som for arbeidskrevjande i forhold til kva dei får igjen, og mange er oppgitte over den dårlege økonomien.
- **Alder**
Nokre av brukarane er godt oppe i åra, og har ingen dei ser vil drive vidare når dei gjev seg. Dette kan svekke motivasjonen for vidare drift.
- **Fast liggjeunderlag**
Frå og med 2005 skulle det komme krav om at alle økologiske sauer skulle ha tilgang på fast underlag. For få månader sidan vart det klart at dei fekk dispensasjon frå krava. Då hadde fleire av brukarane alt investert i nytt underlag, medan ein brukar hadde bestemt seg for å gå over til konvensjonell drift. Det som går igjen frå intervjuva, er at det har vore mykje frustrasjon knytt til kravet om fast underlag.
- **Dårlige sommarbeiter**
Gode sommarbeite er viktig. Ein av brukar som gjev seg, grunngjev det med at han ikkje har tilgang på godt sommarbeite.

Dei som framleis vil drive økologisk – Kva motiverer dei?

Dei som vil halde fram med drifta er generelt prega av optimisme og framtidstru. Dei har drive økologisk i lang tid, og dei ynskjer å vidareføre denne drifta. Dei ynskjer å levere kvalitet, og opplever at økologisk sauehald gjer dette mogleg.

- **Positivt å drive økologisk**
Dei som driv økologisk trivest med denne bruksforma. Mange er optimistiske og nokre vil auka omfanget i 2005.
- **Vidareutvikle drifta**
Fleire av brukarane ser at det er mogleg å utvikle drifta vidare, med mellom anna gardsbutikk, vidaresal og foredling av slakt.

⁸ Bjørkhaug, Hilde og Oddveig Storstad. En komparativ studie av økologisk forbruk i Norge og Danmark. Rapport nr 2/ 2001. Norsk senter for bygdeforskning.

- Landskapspleie
Fleire brukarar er opptekne av kulturlandskapet, og vil gjerne drive med sau som ein del av landskapspleien. Dei tek vare på kulturlandskapet også på anna vis, mellom anna ved å etablere kulturstiar.
- Neste generasjon
Brukarar som har nokon til å ta over garden etter seg er generelt meir innstilt på å drive vidare.
- Faglege og sosiale nettverk
Eit godt fagleg og sosialt nettverk vert peika på som viktig.

Korleis fungerer dagens ordning?

- Dei fleste brukarane synest dagens ordning fungerer greitt. Nokre opplever at det er mykje papirarbeid. Dei opplever òg at rammevilkåra ofte vert endra, men dei er vane med det, så endringane er meir til irritasjon enn ein grunn til å gje seg.
- Enkelte har vurdert å gje seg på grunn av det økologiske regelverket. Dei opplever at regelverket har vore meir til hinder enn til støtte for det økologiske sauehaldet.
- Dei fleste er nøgde med tilskotsordningane, og nokre trekker frem Regionalt Miljøprogram som svært positivt. Dei peiker òg på at dei er avhengig av å få tilskot for å kunne drive.
- Brukarane tykkjer kjøtpriisen er for låg. Dei får svært lite igjen for det dei opplever er eit kvalitetsprodukt som skil seg frå det som elles er tilgjengeleg i marknaden.
- Den nye regelen om vektgrense på lam, er for nokre av brukarane ei hindring fordi dei er vane med å levere store lam, og dei opplever frådraget i kilopris som urimeleg.
- Det at slakta ikkje går til forbrukarane som økologisk, tykkjer dei er frustrerande.
- Fleire av brukarane seier at det for dei hadde vore ein fordel om dei kunne slakta på garden. Dei meiner det ville gitt betre kvalitet på slaktet, og at dei då ville kunne få fram dei produkta kundane vil ha. Dei ser det òg som et paradoks at dyra må transporterast langt av garde for å bli slakta. Dei blir stressa, og i et dyrevelferdsperspektiv må det vere betre å slakte på garden.
- Det kan vere vanskeleg å få tak i god økologisk leigejord. Det er ofte berre brattlendt jord som er tilgjengeleg.

Konklusjon

Nokre sauebønder i vestlandsfylka har valt å satse på økologisk drift. Vi har i denne undersøkinga sett på 20 av desse bruka for å vurdere produksjon, økonomi og drift. Rekneskapane for 2001–2004 utgjer grunnlagsmateriale, saman med tilleggsnoteringar av avling og arbeid utført av brukarane. Det er også gjort samanlikningar med konvensjonelt sauebruk. Oppdraget har vore å sjå om økosauen på Vestlandet er liv laga, og med utgangspunkt i dei resultatata vi har, er svaret ja.

Lønsemda i sauehaldet på Vestlandet har vore svak i ei årrekke. Likevel er mange av økobøndene optimistar. Dei ser på arbeidet sitt som viktig for produksjon av kvalitetsprodukt og for landskapspleie, og ønskjer å halde fram som økobønder.

I vår undersøking viser dei økologiske bruka betre lønsemd enn dei konvensjonelle samanlikningsbruka. Mykje kan tyde på at dei økologiske bøndene i utgangspunktet er svært dyktige bønder som ønskjer å drive garden på ein god måte.

Økobonden oppnår relativt låge avlingar, men det vert kompensert med stort areal. Han gjer det bra som produsent av kjøt. Han får høg pris på lam- og sauekjøt, og omsett meir kjøt per vfs. enn dei konvensjonelle bøndene. Han er òg god til å finne alternative omsetnadskanalar. Dette gjer at han får eit godt økonomisk resultat. Han brukar mindre tid på drifta enn dei konvensjonelle. Han er positiv og ønskjer å drive økologisk så lenge det er økonomisk lønsamt. Tilskot til økologisk drift er difor særleg viktig.

Det er stor spreining i materialet. For dei bruka som har stort produksjonsomfang, betyr økonomien meir enn for dei minste bruka. Dei må drive profesjonelt, og pris, kvalitet og mengde omsett kjøt betyr mykje meir for dei store enn for dei mindre bruka. Dei har difor det beste resultatet.

Marknadssituasjonen på sau- og lammekjøt har påverka økonomien i prosjektperioden. Prisane på kjøt har difor gått ned i løpet av desse fire åra. Krav om fast underlag som det i det siste er dispensert frå, har medført at nokre har lagt ned drifta, medan andre er påførte ekstra kostnader.

I denne undersøkinga er det ikkje sett på økonomien til økobonden før garden vart lagt om til økologisk drift. Det ville gjeve betre data og svar på om økobøndene gjorde det betre enn dei andre også før omlegging. Kanskje også gjeve oss eit betre svar på kven som legg om, og om motiv for omlegging.